



Lærer og dirigent Anders Christensen øver saman med tre av aspirantane i haust: Harald Myklebust Lekva, Sindre Ulebust Feet og Sunniva Ermland Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kulturskulen annonserte for stutt tid sidan at det var nokre ledige plassar. Det galdt også for Uskedalen og både fiolin, gitar og messinginstrument var aktuelle her.**

**No er plassane for fiolin og gitar besatt. Men det er ikkje ein plass for messinginstrument.**

Den som melder seg vil få time på onsdagar klokka 15.40.

- Plassen eignar seg godt for ein som har spelt ei stund. Dersom ein har gjort det, kan vedkomande få undervisning på det instrument ho eller han spelar i skulemusikken. Det kan vera kornett, althorn, baryton, tuba eller eit anna messinginstrument.

Kornett og althorn gjeld kun nybegynnara. Det er småinstrument som eignar seg best for 8-åringar. seier rektor Rolf Lothe til uskedalen.no .